

**Notat**Dato: 16.05.2018  
Arkivsak: 2018/10966-2  
Saksbehandlar: janvern

---

**Til:** Fylkesutvalet  

---

**Frå:** Fylkesrådmannen  

---

**Prioritering av nyhende på heimesida**

I fylkesutvalet sitt møte 3. mai sette **Mona Røsvik Strømme (H)** fram slikt spørsmål til prioritering av kva nyhende som kjem opp:

«Døme: val av ny leiar (frå Hordaland) til Samarbeidande kraftfylke, vart omtalt av Vest-Agder og Rogaland. Kommunikasjonsseksjonen vart tipsa om saka. Det er ønskjeleg om ei runde på kva prioriteringar ein gjer på heimesida når det gjeld nyhende.»

**Svar på spørsmålet**

Kommunikasjonsdirektør har redaktøransvar for heimesida. Saman med kommunikasjonsleiar gjer kommunikasjonsdirektør dagleg vurderingar og prioriteringar.

Innspel til sakene kjem mellom anna frå fagavdelingane, som alle har ein representant i eit redaksjonsråd. Redaksjonsrådet møtast to gonger kvar månad. I tillegg omtalast politiske vedtak.

Kommunelova § 4 pålegg fylkeskommunen aktiv informasjonsplikt overfor publikum. Vår heimeside er den prioriterte kommunikasjonskanalen til publikum. Det er lagt stor vekt på at heimesida, i tillegg til å vere universelt utforma, skal ha høg grad av tenestorientering og vere brukarvenleg.

Dei redaksjonelle sakene som prioriterast skal opplevast som relevant for publikum og på ein brukarvenleg måte få fram dei politiske vedtaka og nyhende relatert til tenester fylkeskommunen leverer.

Det er eit stort tilfang av saker, og det må kvar dag gjerast prioriteringar ut frå innhaldet i sakene og kapasitet. Utnemningar til styreverv er ikkje noko som blir prioritert ut frå omsyn til dei styrande prinsippa for heimesida og kapasitet.